



MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 19.09.12 **Kl.:** 10.00 – 13.00 **Stad:** Møterom på Bømlo sjukeheim
Saknr.: 32/12 – 39/12

MØTELEIAR

Sonja Hellen Sele (H)

DESSE MØTTE

Georg Lønning (H)
Svanhild Vespestad (Ap).
Kåre Habbestad (SP)
Terje Olav Nesse (V)
John-Kåre Torkelsen (Krf)

FORFALL

DESSUTAN MØTTE

Ordførar Odd Harald Hovland var med i sak 32/12 – 36/12.
Rådmann Sverre Olav Svarstad og økonomisjef Jarle Nakken var med i sak 34/12.
Dagleg leiar Bømlo Kulturhus, Hanne Jacobsen var med i sak 34/12.
Seniorrådgiver Tone Mari Dahle frå Deloitte AS, var med i heile møtet.
Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/ Elin Molven.

Sakliste:

Saknr.	Sak
32/12	Godkjenning av innkalling og sakliste
33/12	Godkjenning av protokoll frå møte 16.5.12
34/12	Rådmannen orienterer
35/12	Budsjettforslag 2013 for kontroll og tilsynsarbeidet i Bømlo kommune
36/12	Sunnhordland Interkommunale Miljøverk – Rapport etter selskapskontroll
37/12	Meldingar
38/12	Orientering
39/12	Gjennomgang av møteprotokollar
	Ymse

32/12 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom nokre redaksjonelle merknader til innkalling og sakliste.

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend, med dei redigeringane som kom fram i møtet.

33/12 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.05.12

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 16.05.12.

VEDTAK

Protokollen frå møte 16.05.12 vart samrøystes godkjend.

34/12 RÅDMANNEN ORIENTERER

FORSLAG TIL VEDTAK

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

HANDSAMING I MØTET

1. Selskapskontroll av Sentralidrettsanlegget AS:

Rådmann Sverre Olav Svarstad orienterte om status i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet ynskjer ny orientering i januar møtet 2013.

2. 1. tertialrapport 2012:

Rådmann Sverre Olav Svarstad, økonomisjef Jarle Nakken og dagleg leiar Bømlo Kulturhus Hanne Jacobsen, presenterte tertialrapportane og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

- Kontrollutvalet ynskjer framleis at rådmannen kjem og presenterer tertialrapportane for utvalet etter kvart som dei ligg føre.
- Utvalet ser seg nøgd med orienteringa vedrørande tertialrapportar frå Bømlo Kulturhus, og dei ser ikkje behov for ny orientering slik drifta er no. Dagleg leiar vert såleis innkalla ved eit anna høve.

3. Forvaltningsrevisjon innan internkontroll:

Rådmann Sverre Olav Svarstad orienterte om status i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

4. Selskapskontroll i form av utvida eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedom:

Rådmann Sverre Olav Svarstad orienterte om status i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

- Kontrollutvalet ynskjer ny orientering om status vedrørande Sentralidrettsanlegget AS i januar møtet 2013.
- Kontrollutvalet ynskjer framleis at rådmannen kjem og presenterer tertialrapportane for utvalet etter kvart som dei ligg føre.
- Utvalet ser seg nøgd med orienteringa vedrørande tertialrapportar frå Bømlo Kulturhus, og dei ser ikkje behov for ny orientering slik drifta er no. Dagleg leiar vert såleis innkalla ved eit anna høve.

Kontrollutvalet tok elles orienteringa til vitande.

35/12 BUDSJETTFORSLAG 2013 FOR KONTROLL OG TILSYNSARBEIDET I BØMLO KOMMUNE

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget vert å sende Bømlo kommune for vidare handsaming.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet og sekretariatet gjekk gjennom budsjettforslaget. Utvalet hadde ingen vesentlege merknader til saka.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget vert å sende Bømlo kommune for vidare handsaming.

36/12 SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK - RAPPORT ETTER SELSKAPSKONTROLL

FORSLAG TIL INNSTILLING

PKT 1 – Kommunestyret ber rådmann syta for:

1. Utarbeida forslag til eigarskapsmelding for kommunen.
2. Samhandling med SIM IKS, med målsettinga om å etablera årleg eigarmøte mellom kommunen og SIM IKS.
3. Forslag til kommunestyret om kriterium for kva som skal vektleggast ved utnemning av styrerepresentantar til selskap kommunen har eigarskap i.
4. Praktisk opplegg og regelmessig gjennomføring av obligatorisk opplæringsprogram for styre- og generalforsamlings-representantar.
5. Forslag til kommunestyret om korleis kommunen kan etablera praksis med at kommunestyret handsamar saker som skal opp i representantskapsmøte i SIM IKS.
6. Sikra regelmessig informasjonsutveksling mellom representantskapsmedlemmane og administrativt nivå i kommunen.
7. Etablera rutinar som gjer det mogleg å følgja opp at SIM IKS driv i samsvar med gjeldande regelverk.
8. Det vert laga ein handlingsplan som syner korleis dette arbeidet skal følgjast opp vidare. Handlingsplanen skal leggast fram for kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet. Frist for framlegging vert sett til 01.01.13.

PKT 2 – Kommunestyret ber Bømlo kommune sine eigarrepresentantar i SIM IKS syta for oppfølging av tilrådingane i kapittel 10 i rapporten:

1. At alle prosessar knytt til prissetting av tenester mellom SIM Næring og SIM Tankrenovasjon blir utført av tilsette utan eigarinteresser i SIM Tankrenovasjon AS.
2. At representantskapet vurderer å inkludere følgjande endringar i selskapsavtalen for å auke moglegheita for styring og kontroll:
 - Pålegg styret auka rapporteringsplikt (t.d. saker av prinsipiell eller politisk karakter)
 - Fastsette krav til kva saker som skal handsamast i representantskapet (t.d. saker av prinsipiell karakter/rutinar i dotter- / dotterdotterselskap) jf. § 7, andre ledd i IKS-lova.
3. At det blir gjennomført årleg eigarmøte mellom selskapet og dei einskilde eigarkommunane.

4. At det blir klargjort kva rolle og forplikningar SIM Næring AS og SIM Tankrenovasjon AS skal ha ovafor morselskapet.
5. At SIM IKS sikrar at alle rutinar er oppdaterte, basert på gjeldande regelverk og i samsvar med overordna kvalitetsdokument for selskapet.
6. At SIM IKS utarbeider rutinar for korleis selskapet skal handtere innkjøp der dotter- / dotterdatterselskap er potensielle tilbydarar, og gjer rutinane kjent for eigarane.
7. At det blir avklart korleis eigarkommunane har tildelt oppdraget til SIM IKS (einerett eller eigenregi), og om krava til denne tildelingsforma er tilfredsstillt.
8. At SIM IKS gjer naudsynte endringar i sjølvkostrekneskapen slik at selskapet sin praksis blir i samsvar med retningslinjene for sjølvkost.

HANDSAMING I MØTET

Tone Mari Dahle v/ Deloitte AS presenterte rapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet og ordførar.

Innstillinga var samrøystes.

INNSTILLING

PKT 1 – Kommunestyret ber rådmann syta for:

1. Utarbeida forslag til eigarskapsmelding for kommunen.
2. Samhandling med SIM IKS, med målsettinga om å etablera årleg eigarmøte mellom kommunen og SIM IKS.
3. Forslag til kommunestyret om kriterium for kva som skal vektleggast ved utnemning av styrerepresentantar til selskap kommunen har eigarskap i.
4. Praktisk opplegg og regelmessig gjennomføring av obligatorisk opplæringsprogram for styre- og generalforsamlings-representantar.
5. Forslag til kommunestyret om korleis kommunen kan etablera praksis med at kommunestyret handsamar saker som skal opp i representantskapsmøte i SIM IKS.
6. Sikra regelmessig informasjonsutveksling mellom representantskapsmedlemmane og administrativt nivå i kommunen.
7. Etablerer rutinar som gjer det mogleg å følgja opp at SIM IKS driv i samsvar med gjeldande regelverk.
8. Det vert laga ein handlingsplan som syner korleis dette arbeidet skal følgjast opp vidare. Handlingsplanen skal leggast fram for kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet. Frist for framlegging vert sett til 01.01.13.

PKT 2 – Kommunestyret ber Bømlo kommune sine eigarrepresentantar i SIM IKS syta for oppfølging av tilrådingane i kapittel 10 i rapporten:

1. At alle prosessar knytt til prissetting av tenester mellom SIM Næring og SIM Tankrenovasjon blir utført av tilsette utan eigarinteresser i SIM Tankrenovasjon AS.
2. At representantskapet vurderer å inkludere følgjande endringar i selskapsavtalen for å auke moglegheita for styring og kontroll:
 - Pålegge styret auka rapporteringsplikt (t.d. saker av prinsipiell eller politisk karakter)
 - Fastsette krav til kva saker som skal handsamast i representantskapet (t.d. saker av prinsipiell karakter/rutinar i dotter- / dotterdatterselskap) jf. § 7, andre ledd i IKS-lova.
3. At det blir gjennomført årleg eigarmøte mellom selskapet og dei einskilde eigarkommunane.

4. At det blir klargjort kva rolle og forplikningar SIM Næring AS og SIM Tankrenovasjon AS skal ha ovafor morselskapet.
5. At SIM IKS sikrar at alle rutinar er oppdaterte, basert på gjeldande regelverk og i samsvar med overordna kvalitetsdokument for selskapet.
6. At SIM IKS utarbeider rutinar for korleis selskapet skal handtere innkjøp der dotter- / dotterdatterselskap er potensielle tilbydarar, og gjer rutinane kjent for eigarane.
7. At det blir avklart korleis eigarkommunane har tildelt oppdraget til SIM IKS (einerett eller eigenregi), og om krava til denne tildelingsforma er tilfredsstillt.
8. At SIM IKS gjer naudsynte endringar i sjølvkostrekneskapen slik at selskapet sin praksis blir i samsvar med retningslinjene for sjølvkost.

37/12 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
21	Fylkesmannen	Budsjettbrev 2012 frå fylkesmannen.
22	Rådmannen	Årsrekneskap og årsmelding 2011 for Bømlo Kulturhus KF. Vedtak i kommunestyret.
23	Rådmannen	Årsrekneskap 2011 for Bømlo kommune. Vedtak i kommunestyret.
24	Rådmannen	Årsmelding 2011 for Bømlo kommune. Vedtak i kommunestyret.
25	Rådmannen	Oppfølging av årsrekneskapen 2011 – Investeringar. Vedtak i kommunestyret.
26	Rådmannen	Revidert budsjett 2012. Vedtak i kommunestyret.
27	Rådmannen	Oppfølging budsjett 2012 – Framtidig økonomisk handlingsrom for Bømlo kommune. Vedtak i kommunestyret.
28	Rådmannen	Reglement for politisk organ i Bømlo kommune – Delegering for perioden 2012 – 2016.
29	Rådmannen	Kvalitetshandbok Bømlo kommune
30	Rådmannen	Revisjon av Bømlo kommune si eigarskapsmelding
	Ymse	

HANDSAMING I MØTE

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
21	Fylkesmannen	Budsjettbrev 2012 frå fylkesmannen. <ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalet ynskjer at rådmannen kjem i neste møte for å orientera.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

[Melding nr. 21: Budsjettbrev 2012 frå fylkesmannen](#)

Kontrollutvalet ynskjer at rådmannen kjem i neste møte for å orientera.

Meldingane vart elles tekne til orientering.

38/12 ORIENTERINGSSAKER

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert handsama i kommunestyret etter sumarferien
2	Sekretariatet	Slå saman kontrollutvalsmøta den 15.10.12 og 27.11.12 til eit møte.
3	Sekretariatet	Status iPad bruk
	Ymse	

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert handsama i kommunestyret etter sumarferien <ul style="list-style-type: none">Planane er sett opp på kommunestyremøte måndag 24.9.12. Kontrollutvalet ynskjer at Deloitte skal vera tilstades på møtet for å gje ei kort orientering om planane og svara på spørsmål frå kommunestyret.Representant frå Deloitte skal avklara dette og gje tilbakemelding til sekretariatet.Ordførar er kontakta vedrørende saka og han har sett av 15 min. i møtet for presentasjonen.
2	Sekretariatet	Slå saman kontrollutvalsmøta den 15.10.12 og 27.11.12 til eit møte. <ul style="list-style-type: none">Kontrollutvalet bestemte å slå saman dei to neste møta, slik at møtedatoen 27.11.12 vert gjeldande.
3	Sekretariatet	Status iPad bruk <ul style="list-style-type: none">Utvalet meiner det går betre å nytta iPad no, men at dei framleis ynskjer innkallinga og sakstilfang på papir. Spørsmålet skal takast opp igjen på neste møte.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

39/12 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR.

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet har merka seg at kommunen ikkje har utarbeida ny rusmiddelpolitisk handlingsplan, men at arbeidet med dette no er sett i gang og skal utførast i løpet av 2013. Utvalet ynskjer å fylgja med i saka i høve dette arbeidet.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

YMSE

- Kontrollutvalet har eit ynskje om å nytta møterom på rådhuset i kommande møter. Sekretariatet tek kontakt med kommunen for å avklara saka.

Sonja Hellen Sele
Leiar

Elin Molven
Sekretær